



Haugen Vva AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1501 - 19/34220

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
21.11.2019

Midlertidig brukstillatelse byggetrinn 2 felles teknisk infrastruktur - gbnr 137/66 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 670/19

Tiltakshavar: Sommerro Panorama AS

Ansvarleg søkjar: Haugen VVA AS

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 29.05.18.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Toppdekke veg o_V3 m/fortau pr. 195-305
2. Toppdekke parkeringsplass f_P1
3. Overlevering VA-anlegg til Lindås kommune for drift og vedlikehold.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.05.2020

Det vert elles vist til søknad motteken 28.10.19.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring



Adresse:	Kubbaleitet 40
Bygningstiltak:	<ul style="list-style-type: none"> • veg o_V3 profil 160-285 inkl. fortau • veg f_V6 • veg f_V7 profil 0-5, inkl. planering for ny nettstasjon o_TB2 og oppstillingsplass renovasjon f_R1 • felles parkeringsplass f_P1 m/gangveg • VA-trase kum O10-S14 i veg o_V3, S11-S32 i veg f_V6 og S14-S27 i parkeringsplass f_P1 • f_TB1 Ny pumpestasjon P1 med overbygg. Naudoverløpsleidning frå pumpestasjon leggjast fram til utløp i sjø. • Stikkleidningar til tomtar • System for overvasshandtering i vegar (kummar og røyr)
Vatn og avløp:	Offentleg

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for felles teknisk ifrastruktur(byggetrinn 2) godkjent i administrativt vedtak saknr. 266/18 datert 29.05.19 på gbnr gbnr 137/66:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.05.2020.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/1501

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ
Sommerro Panorama AS	Osterfjordvegen 124	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Haugen Vva AS	Kanalveien 5	5068	BERGEN
---------------	--------------	------	--------